ALVER KOMMUNE

Pressemelding 30. november 2020

# Held fram med lokale koronatiltak

**– Smittetala til Alver er framleis høge. Vi ventar difor med å lette på dei strenge tiltaka, seier ordførar Sara Hamre Sekkingstad.**

Forskrifta med lokale tiltak, som Alver kommune har no, gjeld til og med måndag 7. desember.

– Vi lova å gjere ei ny vurdering ei veke før forskrifta gjekk ut. Det har vi gjort i dag. Med 8 nye koronatilfelle sidan fredag, er smittesituasjonen vår uendra og tiltaka framleis nødvendige, seier ordførar.

**Gjer løpande vurderingar**

Ho forstår at dei lokale tiltaka er krevjande, særleg for dei som mister heile eller delar av næringsgrunnlaget sitt, og håpar smittesituasjonen endrar seg slik at det blir mogleg å lette på nokre av tiltaka.

– Kriseleiinga følgjer smitteutviklinga og gjer løpande vurderigar, seier ordførar.

Målet med tiltaka Alver kommune har no er sikre at folk er mest mogleg heime – og minst mogleg ilag.

**Takk for innsatsen!**

Ordførar takkar for innsatsen og oppmodar alverbuen om å halde fram med det gode arbeidet.

– Fleirtalet av dei som er smitta, blir ikkje oppdaga – og kan vere kven som helst av oss. Difor er det viktig at vi oppfører oss som om vi kan smitte andre – og bli smitta av andre, seier ordførar.

Ho ber alle om å følgje med på nettsida og Facebook-sida til kommunen for oppdatert informasjon om dei lokale tiltaka.

**FAKTA – Smittetal i Alver**

- Veke 48: 9 påviste tilfelle
- Veke 47: 10 påviste tilfelle
- Veke 46: 8 påviste tilfelle
- Veke 45: 24 påviste tilfelle
- Veke 44: 18 påviste tilfelle

Kontaktpersonar i Alver kommune:

- Sara Hamre Sekkingstad, ordførar i Alver kommune
  Mobil: 456 07 474